

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 223	16/985

Saknr	Utval	Type	Dato
131/2016	Formannskapet	PS	29.11.2016

Einøkavane AS - Søknad om auka kommunalt driftstilskot

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Driftstilskot for Einøkavane AS for 2017 vert fastsett til kr. 440.000,-,

Driftstilskotet vert frå 2018 justert i tråd med den forventa pris- og kostnadsveksten som vert lagt til grunn i statsbudsjettet for aktuelle år.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Søknaden frå Einøkavane AS vart lagt fram som skriv og melding for formannskapet i møte 8.11.16, og formannskapet ba om å få framlagt søknaden som sak kommande formannskapsmøte.

Referatsaker

1. Søknad frå Einøkavane A/S

Formannskapet ber rådmannen å vurdere om det er mogleg å auke tilskotet til Einøkavane og kome attende med sak om dette den 29.nov.

Fakta

Søknad om å auke det kommunale driftstilskotet frå Einøkavane

Det kommunale driftstilskotet på kr.350 000 sto uforandra frå år 2007 til 2013 da det vart søkt om å auka driftstilskotet. Vi fekk kr, 40 000 slik at vi no får kr 390 000 d.v.s prisveksten dei aktuelle åra.

Det statlege driftstilskotet har steget litt kvart år, frå kr. 894 816 i 2007 og til kr.1 203072 i 2016 for 8 VTA (Varig tilrettelagde arbeidsplassar). Ein auke med kr.308 256 (35 %)

Einøkavane har hatt to gode år i samband med utbygging av ny kraftstasjon da vi hadde ein god del oppdrag i samband med dette. I løpet av 2016 har desse oppdraga vorte sluttført utan at vi har klart å få tak i nye oppdrag. Dette har medført at vi har måtte redusera i stillingsprosenten.

Arbeidsevna til arbeidstakarane på VTA har endra seg i negativ retning, då ein del av dei nærmar seg

pensjonsalder og ikkje er like uthaldande som tidligare, samt at nokon treng ekstra tett oppfølging. Dette går også utover kva type oppdrag vi kan ta på oss.

Ut frå den totale situasjonen søker Einekavane AS om at det kommunale driftstilskotet vert auka med kr.100 000 i 2017, til kr. 490 000. Då er vi i nær den same prosent i tilskot frå kommunen i forhold til den statlege tilskotet som vi var i 2007.

Vidare ber ein om at det kommunale driftstilskotet vert auka i tråd med auken i det statlege driftstilskotet kvart år (ca 3,5% auke)

Vurdering

Driftstilskotet som kommunen yter Einekavane AS bør følgje den prisvekst som vert lagt til grunn for kommunen, dvs. at den samla pris og kostnadsveksten i kommunane (kostnadsdeflatoren) som vert lagt til grunn for påfølgjande år og fastsett i samband med statsbudsjettet, for 2017 er denne forventa å utgjere 2,6 prosent.

Prisjustering 2013 til 2016 tilrår ein vert gjort med bakgrunn i konsumprisindeksen.

Konklusjon

Tilrår at tilskot for 2017 vert fastsett til kr. 440.000 (ut i frå prisvekst sidan sist justering av driftstilskotet), og at forventa prisvekst vert justert inn som grunnlag for kommande års driftstilskot.

Formannskapet - 131/2016

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Driftstilskot for Einekavane AS for 2017 vert fastsett til kr. 440.000,-,

Driftstilskotet vert frå 2018 justert i tråd med den forventa pris- og kostnadsveksten som vert lagt til grunn i statsbudsjettet for aktuelle år.